

Avslutning på julekonkurransen.

31.12.2015



Då er vi i mål med siste runde i konkurransen vår. Dei fleste avslutta sterkt med rett svar, men det var også dei som meinte å sjå Magne Huglen bak maska og verselinene. Tor Bringedal syntest det meste passa på han sjølv, men vart berga då la merke til kandaharbindingane på biletet. Dermed enda

lokalhistorikaren, og den tidlegare sauebonden, fotballspelaren og kommunepolitikaren på rett svar: Ivar Kåre Døssland.

Det har vore mogeleg å samla 13 poeng til saman, og lista er imponerande! Nokre har nok fått eitt poeng mindre enn dei hadde rette svar. Det kjem av at reglane sa at det berre var dei 25 første rette svara kvar dag som gav poeng. Stillinga vart:

Lise Karin Sæbø	13
Lars Myklebust	12
Torbjørn Haugland	12
Kari Bråtun	11
Kjersti Bråtun	11
Ståle Eik	11

Frode Sæbø	10
Asle Moberg	10
Tove H. Skår	9
Jofrid Eik	6
Margit Eik	6
Samson Øyjord	5

I tillegg har alle desse gjort ein framifrå innsats gjennom konkurransen:

Peter Michael Huun, Berit H. Myklebust, Berit Guddal, Møyfrid Kristoffersen, John Myklebust, Vegard Døssland, Øystein Enæs, Edith V. Haugland, Britt I. Østebø, Hans O. Østebø, Gerd Myklebust, Magne Eik, Anne-Britt Clementsen, Tor Vidar Sæle, Tor Bringedal, Vidar Koløy, Per Clementsen, Klara Bakke, Margunn Kjærland, Tor Jarle Kjærland, Elbjørg M. Sivertsvoll, Ida Røssland, Olaf A. Gausvik, Jan Morten Myklebust, Elisabeth S. Mehl, Kjell Tungesvik, Aina Myhre, Øyvind Aasen, Jorunn G. Myklebust, Svein Arne Eidsvik, Einar Gjertsen, Liv Astrid Myhre, Edle Lomheim, Kjersti Børve, Hans Gustav Mussland, Janne Hjelmeland, Inger Lise Voll, Andreas Kristoffersen, Kjell Magne Haugland, Øystein Haugland, Johannes Haugland og Solbjørg Eikeland.

Vi takkar alle for kjempegod innsats. Dette var verkeleg kjekt!

I morgen, 2.januar, skal vinnaren av premien på 5 flaxlodd trekkjast ved tendenstrekning. Dei 3 med flest poeng er klare for hovudtrekninga. Sidan reglane seier at vinnaren skal trekkjast blant dei 5 som har flest poeng, vert det først ei mellomtrekning der to av dei tre på 11 poeng får dei to resterande plassene i hatten. Dette vert uhyre spennande!! Så spennande at medan de ventar i spenning, får de ei bonusoppgåve som ikkje tel med i konkurransen. Kven er dansaren på biletet? Klarer de begge, er jo det fantastisk. Eg veit berre den eine.

Avslutningsverset lyder slik:

Den eldste aktive i bygda på sitt instrument,
men bandet's yngste er han likevel plent.
Medan han før av ungdom omringa var,
er han no ein meir internasjonal kar.
Her dansar han smidig og så elegant
kunne ikkje tru han var aviskvervulant!
Men kven dansar han med, tru?
Kanskje du veit det og, du?

Tekst og nett: Thor Inge Døssland